



Redusert betaling på økonomisk grunnlag for skulefritidsordninga for elevar på 1. og 2. trinn (utviding av ordninga til 3. og 4.trinn er på høyring)

Kva går ordninga ut på?

1.august 2020 blei det innført redusert foreldrebetaling i SFO for familiar med låg inntekt.

Foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod i SFO på 1. – 2.trinn skal maksimalt vere 6 prosent av hushaldet si samla skattepliktige person- og kapitalinntekt. I Sveio kommune er prisen for ein heiltidsplass i SFO kr 3292, det vil seie at hushald med samla inntekt lågare enn **kr 548 667** har rett på redusert betaling for SFO skuleåret 21/22. Eventuelle kostpengar kjem i tillegg.

Forslag om utviding av moderasjonsordning i SFO til å i tillegg gjelde 3. og 4. trinn er no ute på høyring. Vi ber derfor om søknader og for elevar på 3. og 4.trinn. Søknadene vil bli handsama dersom departementet går inn for ei utviding av ordninga.

Korleis kan du søke om redusert betaling?

Bruk søknadsskjema i **Visma Flyt Skule** for å søke om redusert betaling. Link her:

<https://skole.visma.com/sveio>. For skuleåret 2021/22 er søknadsfristen **21. juni**. Etter søknadsfristen er det løpande søknadsfrist. Betalingsreduksjonen vil då gjelda frå den første dagen i den påfølgjande månaden til registrert søknadsdato. Ny søknad må sendast kvart nye skuleår.

Søkjalar må legge ved dokumentasjon på inntekta til hushaldet det siste året, eller anna dokumentasjon på inntekt dersom det er ei varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år (legg då ved dokumentasjon på løn dei tre siste månadene).

Med eit hushald er det meint ektefeller, registrerte partnere og sambuarar. Som sambuar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur i saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Ved delt omsorg, og når barnet bur fast hos begge foreldra, skal prisen vere berekna ut frå inntekta til den foreldra som har sama folkeregistrerte adresse som barnet.

Samtykke

Når søknaden er sendt, blir det gitt samtykke til at kommunen kan innhente naudsynte opplysningar for å gjere vedtak om redusert foreldrebetaling, jamfør forskrift til opplæringslova 1B.

Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova gir kommunen rett til å innhente naudsynte opplysningar i frå Folkeregisteret og Skattedirektoratet for å handsame søknaden. På sikt vil derfor søkjalar sleppe å leggje ved opplysningar om inntekt til hushaldet, men innhenting av naudsynte opplysningar er ikkje komen i orden per no. Søkjalar må derfor legge ved denne dokumentasjon til søknaden. I tillegg må sambuarar utan felles born opplyse om at dei bur i «eit ekteskapsliknande forhold» og varigheit på forholdet.